



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Laurdag 23.08.25
Stad:	Speidarhuset på Laksevåg
Tilstades:	Magnus M. Aronsen, Anna Tveit, Øystein Østensen, Marcus Mannes, Carina Røthing Nilsen (vara med stemmerett).
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	
Forfall:	Amalia Lodden, Magnus Molland (vara), Tiril Nævdal (vara).
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 24/2025	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 25/2025	Godkjenning av referat frå styremøte 16.juni 2025
RK-sak 26/2025	Rekneskapsrapport juni-juli
RK-sak 27/2025	Gjennomgang av samtalar med gruppene under landsleiren.
RK-sak 28/2025	Kretsens helg
RK-sak 29/2025	Strategi for auka aktivitet i kretsen
RK-sak 30/2025	Ekstraordinært kretsting: - Styret si innstilling til vatn på Lier - Styret si meining om Hedleitun - Endring av retningslinjer - Val - Generelt førebuing til møtet

Eventuelt

RK-sak 24/2025: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 25/2025: Godkjenning av referat frå styremøte 16.juni 2025

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 16. juni 2025 vert godkjent.

RK-sak 26/2025: Rekneskapsrapport

Kretsleiar gjekk gjennom rekneskapsrapporten.

Inntekter frå kretskonkurransen manglar. Hildegunn sjekker opp i dette.

Eller ingen merknadar.

VEDTAK: Rekneskapsrapport for juni-juli 2025 vert godkjent.

RK-sak 27/2025: Gjennomgong av samtalar med gruppene under landsleiren

Kretsleiar Magnus og styremedlem Øystein gjekk rundt og snakka med alle gruppene som deltok på landsleiren i sommar. Tema for samtalanane var kva gruppene tenkjer om leirplassane våre, kva gruppene treng frå kretsen, kva arrangement gruppene ynskjer og elles tankar som gruppene hadde.

Meling:

Me er ein barne- og ungdomsorganisasjon, ikkje eigedomsmeklarar. Bør bruke pengar på folk, ikkje ting.

Meir aktivitet for speidarane. Fleire turar, kurs, aktivitetar i kretsen. Meir for vandrarar og leiarar. Gradvis auke/ending i aktivitetstilbod i kretsen. Arrangere litt "kule" ting for eldre speidarar.

Kanskje ha aldersgrense for peffkurs? F.eks ungdomsskulealder?

Leiartrening tek for lang tid. Burde kunne gjennomførast på ei helg. Kanskje med noko førebuing?

Samarbeid med KM om leiarsamlingar?

Skånevik:

Peffkurs kun for ungdomsskulealder.

Ynskjer fleire aktivitetar for vandrar. Blåtur? Blande gruppene i patruljar på kurs/aktivitetar.

Motivasjonskurs for leiarar? Meir aktiv markedsføring mot foreldre.

Tips til tur/tema: Sjøspeiding for landspeidarar.

Merker for fleire av kretsens arrangement. Å få eit merke motiverer speidarane.

Roveropptakstur!

Åkra:

Trinnkurs er for store og tek for lang tid.

Ynskjer meir fleksible leiaraktivitetar der ein kan komme og gå i løpet av ei helg. Vere med kun lørdagen f.eks.

Kan vere vanskelig for leiarane å setje av ei heil helg.

Ynskjer "kule" aktivitetar med god mat. Åkra kan bidra med sine interesser.

F.eks "barn som utfordrer"-kurs kan vere interessant

Bruke gildene meir. Har dei på Karmøy.

Kretsen må ikkje gape over for mykje med ein gong.

Speidarbasen må oppdaterast.

Folderøy:

Alle leiarane i gruppa treng leiarkurs. Ynskjer leiarkurs i kretsen.

Ynskjer å bli kjent med andre i kretsen.

Ynskjer eit kurs for nye leiarar. Info om kva speidaren er. Også info til foreldre.

Gruppa har ein del personleg utstyr som dei låner ut.

Hjelp til promotering, f.eks banner/beachflagg.

Har ein speidar plass med grendahus. Folderøy kan vere teknisk arrangør for arrangement her.

Haugesund Nordre MSK:

Syntes eigedommane våre treng oppgradering/rydding for å kunne vere brukande/innbydande.

Syntes det er fint å ha leirområdet å reise til.

Haugesundgruppene har eit samarbeid med KM-gruppene i området.

Prioriterer fyrst menigheten, så speidargruppa, så kretsen, så nasjonalt.

Ynskjer ferdige raier på leirplassane til kretsen.

Skår:

Kjempe kjekt med Hedleitun. Fint område med mange moglegheitar. Godt å ha ein plass me eig. Potensiale til å bli eit veldig fint område. Hedleitun meir populært enn Lier.

Ynskjer ikkje digitalt ekstraordinært årsmøte.

Førde/Bua/Kopervik (budde saman):

Kunne hatt eit investeringsfond for Hedleitun, evt også Lier. Sette av pengar årleg til eventuelle framtidige vedlikehaldskostandar.

Ynskjer ledarsamlingar med fleksibelt oppmøte.

Åpen dag på Hedleitun.

Ynskjer meir aktivitetetar for dei eldste speidarane. Snøholetur?

Meir erfaringsdeling mellom gruppene

Innføringskurs for nye leiarar/foreldre.

Positivt å vere fleire grupper saman, f.eks på leir.

Merker gjer ting attraktivt.

Kretsstyrets tankar:

- Viktig å få til eit opplegg for roverar i kretsen. For å halde på roverane. Verdt å bruke pengar på.
- Meir aktivitet for vandrar.
- Tilbod til leiarar. Ikkje nødvendigvis kurs, men fleksible helger/aktivitetar. Noko fagleg innhald, noko erfaringsdeling, noko kos.
- Gjere noko meir ut av årsmøtehelga? Foredrag med innleigd foredragsholdar?

VEDTAK: Kretsstyret tek gruppene sine tilbakemeldingar til orientering.

RK-sak 28/2025: Kretsens helg

Kretsstyret ynskjer å ha to opplegg for kretsens helg, eit for vandrarar og eit for leiarar.

Leiarar:

Tur med fleksibelt oppmøte. Vel om dei vil delta fredag eller laurdag, eller begge.

Fredag kveld vert det emnekurs i «trygge møter» og ein betre middag. Laurdag prøvar me å få til soppkurs med Hedda frå KM.

Vandrarar:

Ynskjer å ta kontakt med Njord dykkerklubb for å høyre om dei kan arrangere eit kurs i fridykking for speidarane. Elles eit spanande og sosialt opplegg.

Rovertur:

Åkra planlegg opptakstur. Kan kanskje invitere resten av kretsen? Marcus undersøker.

VEDTAK: Kretsstyret arbeidar vidare med planlegging av kretsens helg. Kretssekretær sender ut invitasjon ASAP.

RK-sak 29/2025: Strategi for auka aktivitet

Kretsstyret har gjennom heile helga snakka om aktiviteten i kretsen, kva me skal gjere vidare og ting me eventuelt vil endre på. Fredag kveld hadde styret felles middag med kretsstyret i Hordaland krins. Her var det mange gode samtalar, tips frå Hordaland og god erfaringsdeling.

Her er hovudpunkta styret har snakka om kort oppsummert:

- Leiartreninga tek for lang tid. Kretsen klarar ikkje å arrangere alle kursa og få leiarane i kretsen gjennom alle trinna. Styret vil gi tilbakemelding til forbundet om dette. Styret ynskjer å støtte leiarar som deltek på leiarkurs utanfor kretsen.
- Ynskjer å få til fleire arrangement for leiarar. Gjerne med fleksibelt oppmøte. Ikkje nødvendigvis kurs. Ei blanding av fagleg innhald, sosialt og gjerne «det lille ekstra».
- Ynskjer å få til arrangement for vandrarar og roverar. Dei yngre speidarane har gjerne nok med aktiviteten som skjer i gruppene. Styret ynskjer å få til spanande og engasjerande aktivitetar for dei eldre speidarane slik at dei held fram som speidarar. Ynskjer spesielt å få eit rovermiljø opp og gå i kretsen.
- Styret ynskjer generelt auka aktivitet i kretsen. I denne forbindelse må ein gjerne evaluere dei arrangementa kretsen har. Skal ein halde fram med dei same aktivitetane eller tenkje nytt.
- Kretsen kan samarbeide med andre kretsar, grupper o.l. for erfaringsdeling og gjennomføring av arrangement.

VEDTAK: Kretsstyret vil arbeide vidare med strategien for auka aktivitet utover hausten.

RK-sak 30/2025: Ekstraordinært kretsting

Kretsstyret si innstilling til Lier:

Kretsleiar er inhabil i saka grunna sin relasjon til grunneigar, og vil difor ikkje delta i førebuing av eller avgjersla i saka.

Kretsstyret ynskjer å beholde leirplassen på Lier. Sjølv om leigekontrakten gir oss dårlege vilkår, er det ingenting som tilseier at vår til no gode samarbeid skal ta slutt.

Hedleitun dekkjer ikkje behovet vårt for leirplass. Me må eventuelt finne ein leirplass til kretskonk og festivalleir kvart år. Noko som skapar meir arbeid og utgifter for teknisk arrangør. Ved å ha ein fast leirplass der alt ligg til rette, kan me bruke resten av kretsen sine ressursar på andre ting, f.eks å arrangere ein rovertur. Historisk sett har kretsen slitt med å fylle verva i ulike komitear. Å ha ein fast leirplass med gode fasilitetar lettar arbeidsmengda for dei som sitt i komiteane.

Å ha ein fast leirplass der alt ligg til rette for f.eks kretskonkurranse vil lette arbeidet betrekkeleg i forkant av arrangement. Slik sparar me både tid og ressursar kvar gong me skal arrangere noko. Kretsstyret håpar at leirplassen kan bidra til auka aktivitet i kretsen, og senke terskelen for å setje i gong eit arrangement.

Kretsstyret ynskjer å finansiere heile eller delar av prosjektet med søkte midlar. Ynskjer å halde fram med noverande leigeavtale fram til me har fått finansiert omtrent 100 000kr til prosjektet. Då vil me gå i gong med oppretting av vannslange. Ynskjer å gå for vannslange framfor borrehold då denne løysinga framstår å passe vårt behov best. Samt at borrehol kan gi smak/lukt eller ikkje nok vatn.

Kretsstyret skal hausten 2025 aktivt søke om stønad til prosjektet hos ulike aktørar. Styret vil også forhøyre seg om kva kompetanse som finst i kretsen, som eventuelt kan senke kostandane på prosjektet.

Ansvar for å sende søknadar:

Øystein og Magnus Molland.

Ta kontakt med ressurspersonar som kan bistå i søknadsprosessen?

Styret si meining om Hedleitun:

Ynskjer å beholde. Stort potensiale for utvikling til ein fin leirplass med andre moglegheitar enn Lier. Tapar ingenting på å eige denne plassen. Hyttevertane er godt i gong med utvikling og vedlikehold. Mange grupper liker denne plassen.

Endring av retningslinjer:

Under kretstingets årsmøte i februar 2025 vedtok kretstinget å fjerne deltakeravgiften for årsmøtet. Slik at det er gratis for kretsens medlemmer å delta på møtet. I ettertid viser det seg at dette strider mot kretsens retningslinjer. Retningslinjene må derfor endres dersom kretstingets årsmøte skal være uten deltakeravgift.

Under er eit utklipp av retningslinjene. Kretsstyret føreslår at teksten markert i gult vert tatt vekk.

2. Dekning av utgifter

- 2.1. Kretsen er ansvarlig for at alle utgifter ved selve kretstingets årsmøte blir dekket.
- 2.2. Kretsen dekker utgifter og opphold for kretsstyrets medlemmer, ordstyrer, utvalg og komitéledere.
- 2.3. Gruppene dekker utgifter til reise og opphold for sine representanter.
- 2.4. Gruppen som er teknisk arrangør er fritatt deltakeravgift for 3 personer.

Val:

Valkomiteen har funne to kandidatar til dei to ledige verva i valkomiteen.

- Andrea Maud Mjønes
- Kjell Mannes

Kretsstyret godkjenner kandidatane.

Generell førebuing til møtet:

Dato: 29.09.25

Stad: Hedleitun

Ordstyrar: Karianne?

VEDTAK: Kretsstyret arbeidar vidare med førebuing til ekstraordinært årsmøte.

Eventuelt